



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Rådhuset i Tysnes
Dato: 25.05.2016
Tidspunkt: 10:00 – 14:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Britt Sørensen Dalsgård	Leiar	AP
Lorentz Lunde	Nestleiar	KRF
Patrick Russel Madsen	Medlem	AP
Kirsten Gunn Epland	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Linbjørg Lunde	Magne Ivar Fauskanger	V

Linbjørg Lunde melde sjukdomsforfall tidleg møtedagen, og møtte såleis ikkje likevel.

Merknader

Andre som møtte:

Navn	Stilling
Erlend Haug	Reknesk.revisor Deloitte – heile møtet unntake PS 28/16 og PS 29/16
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor Deloitte – i PS 28/16 til og med PS 32/16
Steinar Dalland	Rådmann – i PS 27/16
Rolf Johan Lunde	Økonomisjef – i PS 27/16, RS 15/16 og RS 16/16
Kåre Martin Kleppe	Ordfører – var med i første del av møtet, PS 27/16
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – heile møtet

Britt Sørensen Dalsgård
utvalsleiar

Kari Marie Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 25/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 26/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 27/16	Årsrekneskap 2015 for Tysnes kommune - uttale frå kontrollutvalet		2016/73
PS 28/16	Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - prosessmøte 2		2015/196
PS 29/16	Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte 2		2015/197
PS 30/16	Referatsaker		
RS 11/16	Vedtak frå kommunestyret vedr. årsmelding for kontrollutvalet 2015		2016/72
RS 12/16	Vedtak i kommunestyret vedr. rapport etter forvaltningsrevisjon plan- og byggesaker		2015/4
RS 13/16	Vedtak i kommunestyret vedr. val av revisor		2014/256
RS 14/16	Tysnes kommune - budsjett og økonomiplan 2016 - 2019		2016/73
RS 15/16	Finansforvaltningsrapport pr. 31.03.16		2016/73
PS 31/16	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/200
PS 32/16	Eventuelt		

PS 25/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.05.2016

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 26/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.05.2016

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje merknader til møteprotokoll frå møte 14.04.16.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 14.04.16 vart samrøystes godkjent.

PS 27/16 Årsrekneskap 2015 for Tysnes kommune - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2015.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.05.2016

Handsaming i møtet:

Økonomisjef Rolf Johan Lunde presenterte rekneskap for 2015. Rådmann Steinar Dalland var og tilstades og supplerte med kommentarar og opplysningar.

Rekneskapsrevisor Erlend Haug frå Deloitte presenterte revisjonsmelding og revisjonsrapport.

Kontrollutvalet kom med kommentarar undervegs og forslag til uttale vart drøfta. Det kom forslag om nytt kulepunkt 2: «Kontrollutvalet har merka seg det er betalt ekstra låneavdrag i 2015, og at dersom ein hadde nytta minimumsavdrag hadde netto diftsresultat vore tett oppunder 3 %». Med denne endringa vart uttale til rekneskap for 2015 og vedtak i saka samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2015, med tillegg som kom fram i møtet.

PS 28/16 Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - prosessmøte 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner overordna analyse for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020 slik den ligg føre. (Evt. med dei endringar / justeringar som kom fram i møte).
2. Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 vert å leggja fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.05.2016

Handsaming i møtet:

Overordna analyse for Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 vart lagt fram i møtet. Kari Gåsemyr frå Deloitte gjekk gjennom analysen og risikovurderingane som er gjort så langt. Ut frå opplysningane drøfta kontrollutvalet nokre av prosjekta. Men kontrollutvalet konkluderte med at ein ønskjer meir tid for å drøfta kva prosjekt som skal prioriterast i plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet ønskjer å gjera dette i neste møte. Vedtak som vart fatta var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek overordna analyse for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020 slik den ligg føre, til orientering.
2. Prioritering av prosjekt i Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016 vert teke opp på nytt i neste møte i kontrollutvalet.

**PS 29/16 Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 -
Prosessmøte 2****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet godkjenner overordna analyse for selskapskontroll for 2016 – 2020 slik den ligg føre. (Evt. med dei endringar / justeringar som kom fram i møte).
2. Plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 vert å leggja fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.05.2016**Handsaming i møtet:**

Overordna analyse for Plan for selskapskontroll 2012 – 2016 vart lagt fram i møtet. Kari Gåsemyr frå Deloitte gjekk gjennom analysen. Kontrollutvalet drøfta ut frå opplysningane og kommenterte enkeltprosjekt innan eigarskap i selskap. Kontrollutvalet konkluderte på sama måte i denne saka som vedr. forvaltningsrevisjon, og ønskjer å gjera sine prioriteringar i neste møte. Vedtak som vart fatta var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek overordna analyse for selskapskontroll for 2016 – 2020 slik den ligg føre, til orientering.
2. Prioritering av prosjekt i Plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016 vert teke opp på nytt i neste møte i kontrollutvalet.

PS 30/16 Referatsaker**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.05.2016****Handsaming i møtet:**

- RS 11/16 Vedtak frå kommunestyret vedr. Årsmelding for kontrollutvalet 2015
- Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 12/16 Vedtak frå kommunestyret vedr. Rapport etter forvaltningsrevisjon plan- og byggesaker
- Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 13/16 Vedtak frå kommunestyret vedr. Val av revisor
- Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 14/16 Tysnes kommune – budsjett og økonomiplan 2016 – 2019
- Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 15/16 Finansforvaltningsrapport pr. 31.03.16
- Økonomisjef presenterte rapporten. Informasjonen vart teke til orientering.
- RS 16/16 Revidert nasjonalbudsjett 2016 og kommuneopplegget for 2017.
- Brev frå Fylkesmannen var sendt ut på mail til kontrollutvalet 24.05.16. Økonomisjef orienterte om moglege konsekvensar for Tysnes kommune. Informasjonen vart teke til orientering.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek referatsakene til orientering.

PS 31/16 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.05.2016

Handsaming i møtet:

Aktuelle protokollar vart gjennomgått. Nokre saker vart kommentert, men det var ingen saker som var aktuelle å be om meir informasjon om nå. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 32/16 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.05.2016

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet mottok i møtet brev frå Tor Ottersen, datert 22.05.16. Brevet var motteke hjå Tysnes kommune 24.05.16, og vart overlevert kontrollutvalet v/sekretariatet i møtet 25.06.16. Brevet vart kopiert og delt ut til utvalsmedlemmane for gjennomlesing. Overskrift lyder: «Kommunalt honorar for behandling av søknad om bygging av naust».

Kontrollutvalet drøfta brevet. Konklusjon etter drøfting vart at i neste møte vil utvalet be om ei orientering vedr. gebyrordning i kommunen på generell grunnlag. Informasjonen bør omfatte korleis satsar for gebyr vert fastsett og om klagerett, klageadgang og klagefristar for gebyr-saker. Etter å ha henta inn slike opplysningar vil kontrollutvalet vurderer om ein skal gå vidare med denne henvendinga frå Tor Ottersen.

Det vert gjeve fullmakt til utvalsleiar og sekretariat å sende førebels svar tilbake til Tor Ottersen. I svaret skal det opplysast om at kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan. Vidare må det opplysast om at det i saker der det er klageadgang, skal klage sendast til vedtaksorganet, og at klagefristar som er sett må overhaldast. Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at det til neste møte vert førebudd orienteringssak om gebyrordning i Tysnes kommune.
2. Utvalsleiar og sekretariat får fullmakt til å sende svarbrev til Tor Ottersen.